



Songevangelistar med stor appell syng i kyrkja

Møtene med to songevangelistar som er avvikla i Uskedalen den siste veka har samla frå 60 til 100 og i kveld var det 75 i kyrkja. Det vitnar om at dei 2 har stor appell og at den når utover den tradisjonelle møtelyden. Møtene held fram også i kommande veke. Marit Stokken frå Fitjar og Irene Krokeid Alnes frå Fana bur begge no på Godøy men syng og formidlar Guds ord på ein engasjert og inderleg måte over heile landet.

I kyrkja i kveld hadde Irene hovudtalen og streka under at det er viktig å be for Israel og velsigna landet. Ho var ikkje forundra over at Israel vert plaga ettersom djevelen helst ser det sletta frå jordas overflate. Utgangspunktet til talaren var jødefolkets far Abraham og kallet han fekk om å bryta opp og utan protest dra til ein for han ukjent stad der han skulle bli leiar for eit stolt folk.

Leier for Indremisjonsskipnaden Edmund Tormodseter kom i sine opningsord inn på at Uskedalen er ein religionshistorisk stad ettersom skipnaden vart skipa i ei løe her i 1864. Det inneber at den er 150 år om 2 år, Sjølv om det har vore jubiler her i bygda opp gjennom åra er det mest truleg at Husnes blir jubileumsstad denne gongen, får uskedalen.no opplyst.

Tormodseter var som møteleiar Tormod Myklebust svært glad for frammøtet. Myklebust roste songevangelistane for deira evne til formidling. Tormodseter nytta den overraskande fiskefangsten som er omtala i Lukas som eit løfterikt prov på hva som kan oppnås når ein skal ut og fiska menneskje.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Edmund Tormodseter opna samværet i kyrkja